



Kokk Pedro gler seg til fredag

Kokk Pedro frå Estremadura i Spania har kome godt igang med sommarjobben sin i Systrene Nilsen og fredag kveld vert nok ekstra travel. Då er det spansk aften og det er særleg grunn til å ha forhåpningar til kva spaniolen gjer utav

nasjonalretten paella. Alle delar av Spania har sin variant av den, men den mest populære varianten er den frå Valencia. Og det er den Pedro vil servera i morgon, opplysar han til uskedalen.no



Paella er nasjonalretten og Valencia-varianten toppar

Og kva inneheld så Paella Valenciana?

Hovudingrediensane er kjukling, blåskjel og reker men det er nok også rom for ein viss improvisasjon har vi erfart på spansk grunn. Ellers er det ein kokk i storform vi møter. Han stortrivst allereie i Uskedalen og ber oss om å trykka eit dementi:

- Heime i Spania får vi høyra at nordmennene er eit kaldt folkeferd. Det stemmer slett ikkje. Nordmennene er varme og sympatiske, erklærer kokken og held fram med førebuingane til den spanske aften.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen